



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2421 - 22/40507

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
25.05.2022

## Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 110/2 Syslak

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 110/2  
Tiltakshavar: Atle Syslak og Norvald Syslak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8 og dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan. Søknaden gjeld naustetomt med eksisterande naust. Tomta er oppgjeve til å vera omlag 90 m<sup>2</sup>.

Gbnr 110/2 er registrert med eit areal på om lag 219 daa i matrikkelen. Eigedomen er bygd med våningshus, løe, garasje og reiskapshus i tillegg til naustet.

Søknaden er nabovarsla. Det er ikkje kome nabomerknader.

Tiltakshavarane er arvingar etter tinglyst heimelshavar, Hilda Bergit Syslak.

Formålet med søknaden er berre oppgjeve til at ein ønskjer å dele frå naustetomta og eige den saman.

Eigedomen har ikkje fleire naust eller naustetomtar.

Delar av naustet er bygd på nausterett på gbnr 110/3. Dette etter jordskifte i 1987. Frådeling av denne delen er del av søknaden.

### Planstatus

Arealet er uregulert og sett av til LNF formål i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid: 1263-200810.

Arealet ligg innanfor byggje- og deleforbodet langs sjø etter pbl. § 1-8. Delar av tomta ligg innanfor bandleggingsone H\_740, høgspenningsanlegg.



## VURDERING

### Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå dele – og byggeforbodet i strandsona, pbl § 1-8. Og frå arealformålet i kommunedelplanen.



Søklar grunngjev dispensasjonssøknaden med mellom anna at tomta er ueigna som landbruk/ beiteområde. Tomta består av berg skrånar ned mot sjø og er delvis utsprengt i fjell. Det er fleire naust i området og naustetomta vil ikkje vera til sjenanse for dei andre nausta eller til sjenanse for felles opplagsplass (nordvest for tomta). Det er ingen nye planar for tomta etter at søklar har overteke tomta.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad motteken 15.03.2022 for meir informasjon.



Frå situasjonskartet.

Frå situasjonskartet.



Kommunedelplan

Oversiktskart. Gbnr 110/2 med raudt. Blå ring= naustetomt

Parkering er tenkt å vera på gbnr 110/2 som søkjar eig. Tilkomst via gangsti/ veg over gbnr 110/3. Dette etter rett gjeve i utskifting frå 1928.

Det er omlag 750 meter frå tunet på bruket til naustetomta.

### **Jordlova**

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådeling må vera handsama etter jordlova før den kan verta handsama etter plan- og bygningslova. Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

### **Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Tilleggsopplysningar til sak - gbnr 110/2 Syslak  
Kart

Søknad om dispensasjon.pdf

Søknad om løyve til arealoverføring av naustetomt til eigen matrikkel - gbnr 110/2 Syslak

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 110/2 Syslak

### **Kopi til:**

Atle Herfinn Syslak

GRØNFJELLET 75

5955

LINDÅS

Norvald Syslak

SKORNESVEGEN 73

5955

LINDÅS

### **Mottakarar:**

Bkk Nett As

Postboks 7050

5020

Bergen

Landbruk

Postboks 4

5906

FREKHAUG

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER